



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgiver Janne Helen Bjørnsnøs, 71258536

Vår dato
30.11.2012
Dykkar dato

Vår ref.
2012/8098/JABJ/
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til kurs i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 - Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til dagskurs om kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova «Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming.

Innhald i kurset

Tema vil hovudsakleg vere saksbehandling i samband med kapittel 9 og anna aktuelt regelverk. Kurset vil være lagt opp slik at det blir ein gjennomgang av reglane i lovverket. I tillegg vil spesialisthelsetenesta gjere greie for si rolle i saker der det er aktuelt å nytte tvang og makt.

Målgruppe:

Målgruppe er primært saksbehandlarar i høve til kapittel 9, dagleg ansvarlege og overordna faglege ansvarlege for tenestene. Habiliteringstenestene i fylket blir også invitert til å delta.

Deltakarene har høve til å velje eit av følgjande fire kurs:

Ulstein den 16. januar 2013 på Quality Hotel Ulstein (dagpakke kr. 525,-)

Ålesund den 17. januar 2013 på Rica Parken Hotel (dagpakke kr. 525,-)

Molde den 23. januar 2013 på Quality Hotel Alexandra (dagpakke kr. 460,-)

Kristiansund den 24. januar 2013 på Rica Hotel Krisiansund (dagpakke kr. 460,-)

Kursa vil ha ei tidsramme frå kl. 09.00 til kl. 15.30.

Kostnad:

Det vil ikkje vere kursavgift, men deltakarane må betale dagpakke til hotellet. Vi gjer merksam på at den enkelte deltakar må gjere opp for seg direkte til hotellet.

Påmelding

Påmelding innan **10. januar 2013**. Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, www.fmmr.no, under lenka «kurs og konferansar» i venstremargen.

Spørsmål om påmelding kan rettast til Kjellaug Flusund Finnøy på e-post: kjellaug.flusund.finnoy@fylkesmannen.no eller telefon 71 25 80 67. Spørsmål om kurset kan rettast til Janne Bjørnsnøs på e-post: janne.helen.bjorsnos@fylkesmannen.no,

Fylkesmannen vil også nytte høve å informere om at det den 28.februar 2012 vil bli arrangert ny samling for overordna faglege ansvarlege for kapittel 9. Det vil komme eigen invitasjon om den samlinga.

Med helsing

Chrisian Bjelke (e.f.)
Direktør/fylkeslege

Janne Helen Bjørnsnøs

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.